

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad		21/304

Saksnr	Utval	Type	Dato
079/22	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Anbod på utviding av gravplass Bøgardsvika

Vedlegg:

Ingeniør Aarland AS\_vurdering av anbod  
II-01 Konkurransgrunnlag del II 14-10-22  
plantegning gravplass

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Gravplassen i Bøvågsvika er blitt for lita til tross for ei utviding for nokre år sidan. Soknerådet har bedt om at kommunen no utvidar gravplassen for å sikre nødvendig kapasitet. Med denne siste utvidinga skal ikkje Fedje kommune ha behov for ytterlegare areal til gravplass i framtida. Kommunestyret har satt av 1 million i 2022 for å greie ut prosjektet. I oktober 2022 blei arbeidet lyst ut som hovudentreprise. Det var tre entreprenørar som la inn anbod. Dei tre entreprenørane er Samnøy maskin AS, Gravdal Hage og Anlegg AS og Himla Entreprenør AS.

Nr	Tilbyder	Anbudssum, inkl. mva	Merknad
1.	Samnøy Maskin AS	5.972.562,50	Var feil summering av mva
2.	Gravdal Hage og Anlegg AS	6.394.360,00	
3.	H-Himla Entreprenør AS	12.466.244,54	

I anbudet post 11.72.18 Tosidig Tørrmur er det teke med for lite areal på grunn av feil tolking av Målerregler i Norsk Standard. Totalsummen må difor korrigerast med kr 610 000,- eks. mva. Dei to rimelegaste anboda har begge svart at dei tolkar det slik at dette kjem i tillegg til anboda dei har gitt. Totalsummen for det rimelegaste tilbodet blir då:

Tilbod: kr. 597.562,50 inkl. mva  
Tillegg for tørrmur: kr. 712.5000,00 inkl. mva  
Sum: kr 6.685.062,50 inkl. mva

Det ligg føre forslag om 6 millionar til utviding av gravplassen i 2023 i investeringsbudsjettet.

### Vurdering

Ing Aarland AS er prosjektleiar for utvidinga av gravplassen. Dei har gått i gjennom dei tre anboda og gjort kontrollrekning og samanlikning av anboda. Anboda blei vurdert etter pris og

kvalifikasjonar.

<b>Kriterier:</b>	<b>Vekting i %</b>
1. Pris	70 %
2. Kvalifikasjoner - Erfaring med bygging av gravplass og doble tørrmurer	30 %

Ut i frå tildelingskriteria skulle pris (70%) og kvalifikasjonar (30%) leggest til grunn for å velje det økonomisk mest fordelaktige anbodet. I vurderinga av anboda har Ing. Aaland AS konkludert med at dei anbefaler at Fedje kommune går vidare med forhandling med Samnøy Maskin AS.

Frist for å klage er satt til 12.12.22.

Det er foreslått å sette av 6 millionar i investeringsbudsjettet for 2023 til utviding av gravplassen. Dette er foreslått finansiert med lån. Tilbodet frå Samnøy Maskin AS er på 6.7 millionar. Det vil være behov for byggeleing i utvidinga av gravplassen, i tillegg til diverse driftsutgifter, søknadar osv. Kommunedirektøren foreslår difor at kommunestyret aukar summen til 7.1 millionar, og at dette dekkast av lån.

Folkehelse

Ikkje relevant

Miljø

Prosjektet vil sørge for at areala vil bli betre enn i dag (gjengroing) og skogen på haugen vil bli fjerna

Økonomi

Kommunedirektøren foreslår å gå for det rimelegaste anbodet

### **Konklusjon**

Det er eit stort økonomisk løft for Fedje kommune å utvide gravplassen. Likevel er det etter kommunedirektøren sitt syn nødvendig å prioritere dette arbeidet. Eksisterande gravplass er snart for lita og kommunen har plikt til å sørge for at det alltid skal være plass.

Med foreslått utviding vil behovet for Fedje kommune være dekket i svært lang tid. Gravplassen vil bli etablert med graver, urnegraver og minnelund. Slik som utviklinga i samfunnet er i forhold til bruk av urnegraver og minnelund vil denne utvidinga støtte behovet til kommunen i all framtid. Det er mellom anna blitt eit aukande behov for minnelund, og mange eksisterande gravplassar etablerer no minnelundar for å møte dette behovet.

### **Forslag til vedtak:**

Kommunestyret vedtek å utvide gravplassen ved å løyve 7.1 millionar og tildele oppdraget til Samnøy Maskin AS



# Sande kommune

## K - behandling:

### K - vedtak:

Kommunestyret vedtek å utvide gravplassen ved å løyve 7.1 millionar og tildele oppdraget til Samnøy Maskin AS  
Samrøystes vedteke.